

17
No til jolehelga

Tone: Gud skal alting laga

1) No til jolehelga, alle ting ein fjelga,
hus aa klæ aa mat
Merkjeleg kva gjevna, undarleg kva levna,
drikkning, spel aa prat
Vil du sjaa, aa høyra paa
Ja so langt du kan øyna, faar du ditta røyna

2) Vil du kringum fara, bygdar, byar gara
faar du ymse sjaa
Tusinder som kræsa, tusen svelt aa dæsa
soleis gjeng det paa
kven so da, ligg skuldi paa
mest hjaa dei som kassen styra, og skal dela byr'a

3) Kjem ein til ein keisar, alt til toppen heisar
manglar ingen ting
klæ av silkje, fløyel, ut av gull kvar lykjel
armeband aa ring
Alle fat aa all hans mat
av da besta so kan finnast, aa av jordi vinnast

4) Kjem ein til ein konge, finn ein vist i fonge
nøyen mat aa klæ
Kor er ditta laga, mange svultne maga
her kun' metta seg
høge vit uppyver sit
vil du da skal soleis vera, er da til di æra

5) Jol i hus aa hytta, korleis kan det nytta
folk ska' lida naud
Kan der være gleda, ingen ting aa bræda
inkje heller braud
Herre stor i gjerd aa ord
Vil du at ein so skal mæla, braudet soles dela

6) Alle kan me sjaa da, vil me innum skoda
til dei fatige
Vona du lyt graata, lite i deg laata
taaror detta ned
svultne bodn aa inkje kodn
inkje ku aa inkje smale, berre ilt aa gale

7) Folk so nøgdi hava, gløyme slike trava
veit 'kje kvar dei bur
Aa so dei so styra, er so gjenom syra
med ei hard natur
Hegda paa, du hev kje raa

men til hivert til dei store, der er fullt paa bordet

8) Ein maa taare graata, naar ein ser dei maata
braudet delast paa
Arme Lasarusar, tomme fat aa krusar
gløym ein alti daa
Dei rike hi skal fyllast i
so hev mat i kvar ei hylla, aa med gull seg gylla

9) Djupt det maa oss trega, naar i sike vegar
ein ser urettfær
Gud han alt velsigna, da skin sol aa rigna
yver al vor gjerd
med me vinn, me haustar inn
du aa du kor tungt ein stræva, Gud vil signing gjeva

10) Aller vert me nøgde, sein me verta bøgde
til aa lyda Gud
Høyr kor Adam, Eva, kn 'kje nøgde leva
uti Edens skrud
Forlite da so skipa va
mykje meira vil dei njota, upp i alting rota

11) Soleis er me alle, faldt i sama falle
hugen gjen i arv
Den forbudne frukti, heve besta lukti
smak for kjøt aa marg
lat oss sjaa, me held os fraa
alt so er til Guds vanæra, lata Eva væra

12) Jol det kan 'kje vera, til vor frelsars æra
aa hans velbehag
jolefre ein preika, att aa fram ein streika
svir aa drykkjelag
faaleg ti, i hykleri
augeskalkar, ugleungar, mange vonde tungar

13) Ja ein kan no brøla, eingong kjem ei vøla
eingong vert her song
Gud han høyre strien, endevenda stien
lyt nok til ein gong
høge vit, uppyver sit
kan i miskunn lengje tøla, eingong maa han vøla

14) Gud lat kjærleik raada, so me vilja skoda
fatigfolk især
Gud lat rettfær vinna, so einkvar vert sinna
som du Jesus er
høge vit, uppyver sit
Hjelp os alle, smaa aa store, leva etter ore

